



Ørskog
Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport 2. kvartal 2022



Resultat

Aktivitetsnivå

Kapital og likviditet



- 3,2 mill bedre resultat enn i fjor
- Vekst i provisjonsinntekter
- Auka rentenetto



- Stigande rentenivå og inflasjon
- God kjernedrift og stabil aktivitet
- 12 mnd. vekst i utlån 8,80 %
- 12 mnd. vekst i innskot 14,56 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 208%
- Rein konsolidert kjernekapital 16,89 %
- Misleghald og tap på låge nivå

Delårsrapport 2. Kvartal 2022.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 14,85 mill. kr. pr. 30.06.2022. Dette utgjør ein auke på 3,26 mill. kr. mot 30.06.2021. Kvartalet er prega av moderat vekst i utlån og god salsutvikling på andre produkt. Rentenettoen er på 1,86 % og er prega av stigande pengemarknadsrente samt betre margin på bankinnskot. Banken sine provisjonsinntekter aukar og den underliggande bankdrifta er solid. Banken sin balanse syner ei rein konsolidert kjernekapitaldekning på 16,89 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. og banken nyttar rekneskapsspråket IFRS.

Ørskog Sparebank har pr. 30.06.2022 eit resultat før skatt og tap på 20,274 mill. kr. Resultat før tap og skatt var pr. 30.06.2021 på 16,239 mill. kr.

Resultat etter tap og skatt er pr. 30.06.2022 14,852 mill. kr. samanlikna med 11,595 mill. kr. året før, noko som er ei betring på kr. 3,257 mill. kr.

Etter at utbytte frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er fastsett i generalforsamlinga og utbetalt er verdien på aksjane justert. Den nye verdsettinga gir eit kurstap over utvida resultat.

Det utvida resultatet enda på 13,789 mill. kr. samanlikna med 9,414 mill. kr. for tilsvarande periode i 2021.

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av Sjøholt Næringsbygg AS som igjen eig eit næringsbygg i Sjøholt sentrum. Selskapet er eit eigedomsselskap med ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Datterselskapet har ingen tilsette og selskapet si verksemd er vurdert som ubetydeleg i banken sin rekneskap. Det er difor kun resultatet av banken si drift som er kommentert i kvartalsrapporten. Konserntal er tatt med i dei notane der det er aktuelt.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart 29,307 mill. kr. mot 25,102 mill. kr ved utgangen av 1. halvår 2021. Dette utgjør 1,86 % av GFK, mot 1,69 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg siste året grunna stigande marknadsrenter og ei re-prising av banken sine produkt. Norges Bank auka styringsrenta med 0,5 % poeng i juni, og

banken har følgd opp med ei renteheving på både utlån og innskot. Prisjusteringa er venta å gi ein positiv effekt på Rentenettoen.

Netto provisjonsinntekter er 9,142 mill. kr. mot 8,362 mill. kr. pr. 30.06.2021. Banken har i første halvår lagt vekt på rådgjeving knytt til personforsikringar, for å avdempe risiko for lånekundane. Den høge aktiviteten ut mot kundane har gitt auka porteføljevækst som bidreg til at provisjonsinntektene stig.

Inntekter frå skadeforsikring fortsett den positive utviklinga, og banken erfarer låg skadeprosent noko som er venta å gje auka provisjonar i tida framover.

Grunna stigande marknadsrenter er marginen på bustadlån i Eika Boligkreditt svekka. Banken avlastar eigen balanse ved bruk av Eika Kredittbank sine digitale kjøpsløysingar når kundar søker om billån og usikra smålån. Portefølja med billån viser god utvikling.

Styret er nøgd med veksten i provisjonsinntekter som utviklar seg i samsvar med banken sin strategiplan.

Driftskostnader

Driftskostnadene aukar med 2,176 mill. kr. og utgjør 22,036 mill. kr. mot 19,861 mill. kr. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,40 % mot 1,34 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjør 56,88 % pr. 30.06.2022 mot 58,82 % pr. 30.06.2021. Dei auka kostnadane skuldast at banken har tilsett fleire rådgjevarar, samt auka IT kostnadar.

Ørskog Sparebank vedtok i desember 2021 at ein skal skifte IT system saman med dei andre bankane i Eika Gruppen. Skiftet er planlagt gjennomført i juni 2023, men banken kostnadsfører løypande førebuande aktivitetar og prosjektkostnader til TietoEvry.

Dei siste åra har det vore ei betydeleg auke i krava til dokumentasjon i høve styring og kontroll av banken si drift. Dette krev auka ressursbruk og er kostnadsdrivande for banken.

Banken arbeider kontinuerleg med kostnadsstyring gjennom å auke effektiviteten på arbeidsprosessar. Styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

IFRS9 har medført eit strengare krav til å gjere tapsavsetnader før tapa faktisk kjem. Heile låneportefølja skal fordelast på 3 risikosteg, noko som gir ei føring for kor stor tapsavsetnader som banken må ta.

Samla tapskostnad pr. 30.06.2022 er 2,060 mill. kr. samanlikna med 1,552 mill. kr. i fjor. Dette utgjer 0,07 % av brutto utlån (0,06 % pr 30.06.21). Pr. 30.06 er usikkerheita høg knytt til dei langsiktige makroøkonomiske effektane av inflasjonen. I det korte biletet er arbeidsløysa låg og etterspurnaden etter varer og tenester god. Ei høgare styringsrente har til hensikt å kjøle ned aktiviteten i økonomien, og det er framleis uvisst i kva grad dette vil slå ut i form av stigande arbeidsløysa og minka konsum.

Banken si låneportefølje har vist seg å vere robust trass i den økonomiske utviklinga dei siste månadane. Gjennom Covid-19 utbrotet såg banken at kundane hadde ei evne til omstilling som ikkje har gitt store utfordringar knytt til tap eller misleghald. Styret er difor av den oppfatning at ein forventar at framtidige kreditttap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 3,352 mrd. kr. mot 3,108 mrd. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjer 2,832 mrd. kr. og er ein auke på 200,2 mill. kr. sidan i fjor. Banken nyttar i hovudsak Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Inklusive desse låna, er samla auke i dei totale låna på 295 mill. kr. Dette utgjer ein auke på 8,8 % samanlikna med fjoråret. Totale utlån er no på 3,642 mrd. kr. om ein inkluderer bustadlån som er plassert i Eika Boligkreditt.

Banken har hatt ein vedvarande stabil vekst, særleg frå personkundemarknaden. Veksten kjem i all hovudsak frå banken sin geografisk definerte

hovudmarknad. Marknadsposisjonen er sterk, og mange av dei nye kundane kjem på referansar frå eksisterande kundar som er nøgd med servicenivå og tenestetilbod.

I februar braut krigen i Ukraina ut, noko som ga seg utslag i høg usikkerheit og ei avventande haldning hos bustadkjøparar. Stigande råvareprisar på byggemateriell har gitt redusert aktivitet på marknaden for bygging av nye bustader.

Styret er nøgd med utlånsvæksten, som utviklar seg i samsvar med banken sine budsjett.

Kredittforringa kundar

Banken har eit lågt omfang av lån i restanse og overtrekk. Pr. 30.06.2022 er det berre eitt einskild låneengasjement som har stått i overtrekk meir enn 14 dagar. I volum utgjer dette låneengasjementet 0,05 % av banken si totale låneportefølje.

Portefølja med kredittforringa kundar utgjer 16,364 mill. kr. (33,888 mill. kr. Pr 30.06.21) og med unntak av låneengasjementet nemnt over er samtlege kredittforringa kundar à jour med sine betalingsplanar.

Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet. Styret er nøgd med porteføljekvaliteten og det arbeidet banken legg ned for å overvake kreditttrisikoen.

Etter styret si vurdering er kredittkvaliteten på banken sine kundar jamt over god, og portefølja synes godt rusta for stigande renter og auka kostnadar grunna inflasjon.

Innskot

Banken sine innskot har auka med 316 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjer no 2,485 mrd. kr. Dette er ein auke på 14,56 %. Innskotsdekninga er på 87,78 % pr. 30.06.2022 mot 82,45 % pr. 30.06.2021.

Eit stigande rentenivå gir auka interesse for bank sparing som aktivaklasse, og har ført til ei betring i banken sin rentenetto.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer 95,5 mill. kr. Banken si obligasjonsportefølje utgjer 295,9 mill. kr. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på -0,952 mill. kr. pr. 30.06.2022. Pr. 30.06.2021 hadde banken eit tap på -0,035 mill. kr.

Ørskog Sparebank kjøpte i 1. kvartal 84.851 aksjar i Eika Gruppen AS i ein rebalanseringsprosess, som følgje av at Lokalbankalliansen har solgt sine aksjar. Banken sin eigarandel auka frå 0,34 % til 0,67 %. Banken har i kvartalet bokført eit utbytte frå Eika som er 2,541 mill kr. høgare enn førre år grunna den nye eigarandelen.

Styret vurderer investeringa i aksjane som eit viktig strategisk kjøp for å styrke og vidareutvikle Eika i lag med dei andre bankane i alliansen.

Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt gir akkumulert sett eit kurstap i halvåret. Dette blir ført på utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdsettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane. Kurstapet nullar ut utbytteinntekta som blir inntektsført over ordinært resultat.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 250 mill. kr. Vidare har banken lån i Kredittforeininga for sparebankar (KfS) på til saman 175 mill kr.

Størsteparten av desse har 1–3 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur. Banken har i tillegg ein oppgjærskreditt på 160 mill. kr i DNB som nyleg er fornya. Ved kvartalsskiftet hadde banken innskot på kontoen på 28,637 mill. kr. Banken har også innskot hos Noregs bank på 72,118 mill. kr.

Banken innløyste i juni 2022 eit obligasjonslån på 50 mill. kr og innløyste et lån i KfS på 25 mill. kr. før forfallstidspunktet.

Eigenkapital og avkastning

Banken sin ansvarlege kapital er kr. 343,255 mill. Kapitaldekninga er på 19,94 % pr. 30.06.2022 mot 21,27 % pr. 30.06.2021. Banken sin reine kjernekapital er på kr. 303,255 mill. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 17,62 % mot 18,83 % i fjor. Endringa skuldast auka eigarskap i Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Dette aukar frådraga i utrekninga av banken sin soliditet. Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Konsolidert rein kjernekapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 16,89 %
Konsolidert ansvarleg kapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 19,44 %.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er på 7,61 % mot 5,57 % pr. 30.06.2021.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden har minka i kvartalet, og er på eit lågt nivå. Styret har gått gjennom misleghaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevise nedskrivningane. Banken sine lån til næringslivet utgjer 22 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljen er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom. Likevel vil det vere ein viss risiko knytt til effektane av marknadsmessige svingingar, arbeidsløyse, skilsmisse, konkurs eller dårleg betalingsvilje.

Styret er nøgd med det låge totalvolumet av misleghaldne lån i portefølja med kredittforringa lån. Styret vurderer kredittrisikoen i banken til å vere klart innanfor dei grenseverdiane ein har sett i dei interne styringsmåla og kredittpolicyen.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing.

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg, men følger framleis tiltaka banken har iverksett for å betre innskotsdekning nøye. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkredittselskapet Eika Boligkreditt AS.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Marknadssituasjonen gir som nemnt tidlegare i rapporten ei rekke økonomiske effektar for samfunnet som vil verke inn over tid. Stigande renter, auka inflasjon og lønsvekst må sjåast i lys av at arbeidsløysa er låg og at kapasitetsutnyttinga i næringslivet er høg.

Dei aukande marknadsrentene har styrka banken sin rentenetto, men det er framleis stor konkurranse om kundane, både når det gjeld utlån, innskot og forsikring. Styret meiner banken har ein sunn utlånsvekst, og vurderer at marknadssposisjonen er styrka gjennom den siste tida.

Styret vurderer at det er uvisse knytt til det generelle aktivitetsnivået og den lokale bustadmarknaden i nær framtid. Høge kostnader til nybygg er venta å gi lågare aktivitet på denne marknaden, medan låg arbeidsløyse og god lønnsvekst kan drive opp prisane på brukte bustader. Samstundes er det venta at auka matvareprisar, dyrt drivstoff og stigande rente vil føre til et meir avdempa forbruk frå forbrukarar.

Samstundes vinn banken nye kundar og tar marknadsandelar i refinansieringsmarknaden. Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2022 vil bli betre enn i 2021. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde ein god marknadsposisjon både i 2022 og framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 11.08.2022 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 2. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.06.2022. Etter styret og banksjef sin beste overtydning, er delårsrekneskapen for 2. kvartal 2022 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Vi meiner at opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.06.2022.

Etter styret og banksjef si beste overtydning gjev delårsrekneskapen for 2. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter vår beste overtydning gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 11.08.2022

Torstein L. Stavseng
Styreleiar

Arne Jan Sollied
Nestleiar

Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem

Siw Pek
Tilsette sin repr.

Ingunn Fladmark
Styremedlem

Hans Fr. Furstrand
Styremedlem

Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat Morbank	Note	2. kvartal isolert		2. kvartal	2. kvartal	Året
		2022	2021	30.6.22	30.6.21	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		22.228	17.420	42.502	34.294	70.335
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		1.214	542	2.036	1.053	2.137
Rentekostnader og lignende kostnader		8.438	5.083	15.231	10.245	20.643
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		15.004	12.879	29.307	25.102	51.829
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.141	4.877	10.232	9.515	21.549
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		569	411	1.090	1.153	2.351
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		4.766	2.250	4.766	2.435	2.870
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-952	-36	-1.200	-100	965
Andre driftsinntekter		94	72	295	301	606
Netto andre driftsinntekter		8.480	6.752	13.003	10.998	23.640
Lønn og andre personalkostnader		4.242	3.774	10.845	9.395	20.086
Andre driftskostnader		5.511	4.816	10.417	9.529	19.409
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		382	459	774	936	1.830
Sum driftskostnader		10.135	9.049	22.036	19.861	41.325
Resultat før tap		13.349	10.582	20.274	16.239	34.143
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	802	-87	2.060	1.552	3.602
Resultat før skatt		12.547	10.669	18.214	14.688	30.541
Skattekostnad		1.945	2.082	3.362	3.092	6.926
Resultat av ordinær drift etter skatt		10.602	8.587	14.852	11.595	23.615
<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>						
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	0	0	-2.404
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	-4.633	-2.644	-1.062	-2.181	1.002
Skatt		0	0	0	0	601
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		-4.633	-2.644	-1.062	-2.181	-801
Totalresultat		5.968	5.943	13.789	9.414	22.813

Resultat - Konsern	Note	2. kvartal isolert		2. kvartal	2. kvartal	Året
		2022	2021	30.6.22	30.6.21	31.12.21
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		21.672	16.867	41.396	33.187	68.115
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		1.208	542	2.036	1.053	2.137
Rentekostnader og lignende kostnader		8.050	5.082	14.860	10.245	20.643
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		14.830	12.327	28.572	23.995	49.609
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.141	4.877	10.232	9.515	21.549
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		569	411	1.090	1.153	2.351
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		4.766	2.250	4.766	2.435	2.870
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 9	-952	-35	-1.200	-100	965
Andre driftsinntekter		1.245	1.531	2.525	2.450	3.363
Netto andre driftsinntekter		9.631	8.211	15.233	13.146	26.396
Lønn og andre personalkostnader		4.241	3.773	10.845	9.395	20.086
Andre driftskostnader		5.789	5.482	10.968	10.238	19.580
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		853	930	1.717	1.879	3.716
Sum driftskostnader		10.883	10.186	23.530	21.513	43.382
Resultat før tap		13.578	10.353	20.275	15.629	32.624
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	802	-86	2.060	1.552	3.602
Resultat før skatt		12.776	10.439	18.215	14.077	29.021
Skattekostnad		1.945	2.044	3.362	3.055	6.926
Resultat av ordinær drift etter skatt		10.831	8.395	14.853	11.022	22.095
<i>Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner</i>						
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger		0	0	0	0	-2.404
Verdiendring egenkapitalinstrument	Note 9	-4.633	-2.644	-1.062	-2.181	1.002
Skatt		0	0	0	0	601
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		-4.633	-2.644	-1.062	-2.181	-802
Totalresultat		6.198	5.751	13.791	8.841	21.293
<i>Resultat etter skatt</i>						
Majoriteten sin andel av resultatet i perioden		10.872	8.445	14.950	11.172	22.392
Minoriteten sin andel av resultatet i perioden		-42	-51	-97	-150	-297
<i>Totalresultat</i>						
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		6.238	5.800	13.887	8.991	21.590
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden		-42	-51	-97	-150	-297

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler Morbank

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	30.6.22	30.6.21	31.12.21
Kontanter og kontantekvivalenter		76.603	75.304	76.284
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		36.658	53.196	26.560
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi		54.933	0	51.217
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.770.056	2.626.118	2.622.585
Rentebærende verdipapirer	Note 9	295.877	266.724	254.271
Finansielle derivater		77	4	47
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	95.533	63.154	66.604
Varige driftsmidler		11.289	12.951	12.057
Andre eiendeler		10.932	10.613	10.863
Sum eiendeler		3.351.958	3.108.065	3.120.488

Balanse - Gjeld og egenkapital Morbank

<i>Tall i tusen kroner</i>		30.6.22	30.6.21	31.12.21
Innlån fra kredittinstitusjoner		175.649	224.570	224.855
Innskudd fra kunder		2.485.881	2.169.850	2.170.290
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	250.754	300.454	300.597
Finansielle derivater		264	283	283
Annen gjeld		15.941	19.626	12.458
Pensjonsforpliktelser		3.899	2.938	3.899
Forpliktelser ved skatt		5.411	2.782	7.225
Andre avsetninger		2.208	2.044	1.937
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.122	40.079	40.105
Sum gjeld		2.980.130	2.762.626	2.761.650
Opptjent egenkapital		356.976	333.844	358.838
Periodens resultat etter skatt		14.852	11.595	0
Sum egenkapital		371.828	345.439	358.838
Sum gjeld og egenkapital		3.351.958	3.108.065	3.120.488

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Balanse - Eiendeler - Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>	Note	30.6.22	30.6.21	31.12.21
Kontanter og kontantekvivalenter		76.603	75.304	76.284
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		36.658	53.196	26.560
Utlån til og fordringer på kunder til virkelig verdi		54.933	0	51.217
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6	2.729.052	2.583.714	2.580.881
Rentebærende verdipapirer	Note 9	295.877	266.724	254.271
Finansielle derivater		77	4	47
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 9	87.033	54.655	58.104
Varige driftsmidler		59.325	62.873	61.035
Andre eiendeler		12.218	11.832	11.667
Sum eiendeler		3.351.776	3.108.303	3.120.066

Balanse - Gjeld og egenkapital - Konsern

<i>Tall i tusen kroner</i>		30.6.22	30.6.21	31.12.21
Innlån fra kredittinstitusjoner		175.649	224.570	224.855
Innskudd fra kunder		2.483.958	2.167.391	2.167.838
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 10	250.754	300.454	300.597
Finansielle derivater		264	283	283
Annen gjeld		16.200	19.896	13.007
Pensjonsforpliktelser		3.899	2.938	3.899
Forpliktelser ved skatt		5.411	2.782	7.225
Andre avsetninger		2.208	2.044	1.937
Ansvarlig lånekapital	Note 10	40.122	40.079	40.105
Sum gjeld		2.978.466	2.760.437	2.759.747
Opptjent egenkapital		355.851	333.993	357.616
Periodens resultat etter skatt		14.853	11.022	0
Ikke kontrollerte interesser		2.606	2.850	2.703
Sum egenkapital		373.310	347.865	360.319
Sum gjeld og egenkapital		3.351.776	3.108.303	3.120.066

Morbank

Opptjent egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2021	350.157	8.681	358.838
Resultat etter skatt	14.852	0	14.852
Estimatavvik pensjon	-2.404	2.404	0
Endring i utsatt skatt estimatavvik	601	-601	0
Verdiendring tilgjengelig for salg	0	-1.062	-1.062
Totalresultat 30.06.2022	13.049	741	13.789
Utbetaling av gaver	-800	0	-800
Egenkapital 30.06.2022	362.406	9.422	371.827
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	336.025
Overgang til IFRS			
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	336.025
Resultat etter skatt	11.595		11.595
Verdiendring tilgjengelig for salg		-2.181	-2.181
Totalresultat 30.06.2021	11.595	-2.181	9.414
Egenkapital 30.06.2021	338.137	7.302	345.439

NØKKELTAL

Konsern	<u>Opptjent egenkapital</u>				
		Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Minoritet	Sum egenkapital
<i>Tall i tusen kroner</i>					
Egenkapital 31.12.2021	348.934	8.681	2.703	360.318	
Resultat etter skatt	14.950		-97	14.853	
Estimatavvik pensjon	-2.404	2.404		0	
Endring i utsatt skatt estimatavvik	601	-601		0	
Verdiendring tilgjengelig for salg		-1.061		-1.061	
Totalresultat 30.06.2022	13.147	742	-97	13.792	
Utbetaling gaver	-800			-800	
Egenkapital 30.06.2022	361.281	9.423	2.606	373.310	
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	0	336.025	
Resultat etter skatt	11.172		-150	11.022	
Verdiendring tilgjengelig for salg		-2.182		-2.182	
Totalresultat 30.06.2021	11.172	-2.182	-150	8.840	
Salg av aksjer i datterselskap til ikke kontrollerte interesser			3.000	3.000	
Egenkapital 30.06.2021	337.714	7.301	2.850	347.865	

NØKKELTALL

	2. kvartal	2. kvartal	Året
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2022	2021	2021
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	56,88 %	58,82 %	57,69 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	24,36 %	25,66 %	27,65 %
Innskuddsmargin hittil i år	0,51 %	-0,09 %	0,03 %
Utlånsmargin hittil i år	1,95 %	2,33 %	2,22 %
Netto rentemargin hittil i år	1,86 %	1,69 %	1,69 %
Egenkapitalavkastning ¹	7,61 %	5,57 %	6,57 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	22,51 %	21,76 %	22,71 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	27,13 %	25,97 %	28,55 %
Innskuddsdekning	87,78 %	82,45 %	80,93 %
Innskuddsvekst (12mnd)	14,56 %	4,50 %	3,81 %
Utlånsvekst (12 mnd)	7,61 %	6,63 %	3,42 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	8,80 %	11,03 %	8,33 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.169.705	2.994.957	3.059.333
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.999.601	3.683.359	3.794.771
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,16 %	0,12 %	0,56 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,25 %	0,21 %	0,30 %
<i>Nøkkeltall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2022	2021	2021
Soliditet¹			
Ren kjernekapitaldekning	16,89 %	17,46 %	18,49 %
Kjernekapitaldekning	17,17 %	17,70 %	18,73 %
Kapitaldekning	19,44 %	20,09 %	21,11 %
Uvektet kjernekapitalandel	7,97 %	8,39 %	8,89 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	208	186	166
NSFR	142	144	143

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs. Banken har ikkje utsendt fondsobligasjonar eller eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 30.juni 2022. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 2. kvartal 20225 ble godkjend av styret 11.08 2022.

NOTE 2 – Rekneskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 30. juni 2022 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2021.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgd i delårsregnskapet som i siste årsregnskap, med unntak av IFRS 16 samt ny misleghaldsdefinisjon i IFRS 9 som begge er tatt i bruk frå og med 2021. Desse er nærmare forklart under

Tall i noter er angitt for bank viss ikkje anna er presisert i den enkelte note.

Ein viser til årsrapporten for 2021 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

NOTE 3 – Datterselskap / Tilknytt selskap

Ørskog Sparebank eig 73,91 % av aksjane i Sjøholt Næringsbygg. Eigarskapet er eit resultat av ei restrukturering som var ferdig i 2021 der kapitalutviding samt konvertering av gjeld til eigenkapital vart gjennomført. Dette vart gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen

NOTE 4 – Transaksjonar med nærstående partar

Innskot og utlån, samt transaksjonar mellom nærstående har same vilkår som overfor ekstern tredjepart.

	30.06.2022	30.06.2021
Renteinntekter	1106	1106
<i>Balanseposter</i>		
Eiendeler:		
Utlån	41.004	42.404
Ubenyttet kreditt	0	0
Garantier	0	0
Gjeld:		
Innskudd fra kunder	1.923	2.459
Kortsiktig gjeld	0	0

NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2022	2021	2021
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	4.482	6.721	4.127
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	0	4.138	4.668
Nedskrivninger i steg 3	-462	-952	-2.543
Netto misligholdte engasjementer	4.020	9.907	6.252


Andre kredittforringede

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2022	2021	2021
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	7.639	12.684	14.111
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	7.767	13.296	6.712
Nedskrivninger i steg 3	-3.062	-1.999	-2.396
Netto andre kredittforringede engasjement	12.344	23.981	18.426

NOTE 6 – Fordeling utlån kunder

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	2022	2021	2021
Landbruk	69.497	33.092	61.822
Industri	26.030	21.913	21.481
Bygg, anlegg	78.386	75.242	78.225
Varehandel	73.639	74.223	76.201
Transport	8.553	9.422	9.124
Eiendomsdrift etc	311.054	311.877	307.008
Annen næring	70.361	46.978	55.096
Sum næring	637.520	572.747	608.958
Personkunder	2.194.426	2.058.990	2.072.635
Brutto utlån	2.831.946	2.631.737	2.681.593
Steg 1 nedskrivninger	-1.107	-1.628	-1.004
Steg 2 nedskrivninger	-2.703	-1.140	-1.863
Steg 3 nedskrivninger	-3.148	-2.852	-4.924
Netto utlån til kunder	2.824.988	2.626.118	2.673.802
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	817.071	722.183	828.385
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.642.059	3.348.301	3.502.187



NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivninger og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	255	681	1.343	2.279
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	8	-97	-83	-172
Overføringer til steg 2	-20	310	0	290
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Endringer som følge av nye eller økte utlån	37	0	0	37
Utlån som er fraregnet i perioden	-37	-90	-250	-377
Konstaterte tap				0
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-78	29	310	261
Andre justeringer	181	15	-61	135
Nedskrivninger personmarkedet pr. 30.06.2022	347	849	1.259	2.455

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	1.962.106	92.294	18.236	2.072.635
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	22.209	-19.555	-2.654	0
Overføringer til steg 2	-62.542	62.542	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	464.241	6.574	20	470.835
Utlån som er fraregnet i perioden	-323.910	-21.651	-3.451	-349.011
Konstaterte tap			-34	-34
Brutto utlån til personmarkedet pr. 30.06.2022	2.062.104	120.203	12.119	2.194.426

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	749	1.182	3.580	5.511
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	25	-176	0	-151
Overføringer til steg 2	-123	1.112	0	990
Overføringer til steg 3	-4	0	239	235
Endringer som følge av nye eller økte utlån	174	23	80	276
Utlån som er fraregnet i perioden	-143	-156	-67	-366
Konstaterte tap			-1.920	-1.920
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-69	-138	-23	-229
Andre justeringer	150	6	0	156
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 30.06.2022	760	1.854	1.889	4.503

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	521.354	76.842	10.762	608.958
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	10.466	-10.466	0	0
Overføringer til steg 2	-70.799	70.799	0	0
Overføringer til steg 3	-341	0	341	0
Nye utlån utbetalt	74.020	1.914	0	75.935
Utlån som er fraregnet i perioden	-31.476	-11.166	-4.064	-46.707
Konstaterte tap			-666	-666
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 30.06.2022	503.224	127.923	6.373	637.520

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2022	75	111	15	201
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	0	-4	0	-3
Overføringer til steg 2	-41	33	0	-8
Overføringer til steg 3	-1	-1	296	295
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	17	17	3	37
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i perioden	-7	-38	0	-45
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-5	-4	0	-9
Andre justeringer	58	0	62	121
Nedskrivninger pr. 30.06.2022	98	115	376	589

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	131.337	39.064	619	171.020
Overføringer:				0
Overføringer til steg 1	3	-3	-0,0	0
Overføringer til steg 2	-8.873	8.873	-707	-707
Overføringer til steg 3	-244	-707	463	-488
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	36.777	131	0	36.908
Engasjement som er fraregnet i perioden	-8.190	-9.087	996	-16.281
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.06.2022	150.811	38.271	1.371	190.452

Nedskrivninger i steg 3 på utlån og garantier	30.06.2022	30.06.2021
Nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	4.924	1.198
Økte nedskrivninger i perioden	328	98
Nye nedskrivninger i perioden	231	2.404
Tilbakeføring av nedskrivninger fra tidligere perioder	-416	-300
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-1.919	-548
Nedskrivninger steg 3 ved slutten av perioden	3.148	2.852

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-1.702	1.735	3.718
Endring i perioden i steg 3 på garantier	0	0	-18
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	1.279	-1.343	-1.254
Konstaterte tap i perioden, der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	2.584	1.202	1.202
Konstaterte tap i perioden, der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3	0	45	74
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-33	-71	-60
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-68	-16	-60
Tapskostnader i perioden	2.060	1.552	3.602

NOTE 8 – Segmentinformasjon

RESULTAT	2. kvartal 2022				2. kvartal 2021				2021			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	22.189	7.119		29.307	19.607	5.495		25.102	40.407	11.422		51.829
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			4.766	4.766			2.435	2.435			2.870	2.870
Netto provisjonsinntekter			9.142	9.142			8.362	8.362			19.198	19.198
Inntekter verdipapirer			-1.200	-1.200			-100	-100			965	965
Andre inntekter			295	295			301	301			606	606
Sum andre driftsinntekter	0	0	13.003	13.003	0	0	10.998	10.998	0	0	23.639	23.639
Lønn og andre personalkostnader			10.845	10.845			9.395	9.395			20.086	20.086
Avskrivninger på driftsmidler			774	774			936	936			1.830	1.830
Andre driftskostnader			10.417	10.417			9.529	9.529			19.409	19.409
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	22.036	22.036	0	0	19.860	19.860	0	0	41.325	41.325
Tap på utlån	-60	-2.000		-2.060	-266	-1.286		-1.552	-1.073	-2.529		-3.602
Gevinst aksjer				0				0				0
Driftsresultat før skatt	22.249	9.118	-9.033	18.214	19.341	4.210	-8.862	14.688	39.333	8.893	-17.686	30.541
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringer på kunder	2.191.915	633.074		2.824.988	2.057.549	568.569		2.626.118	2.070.356	603.446		2.673.802
Innskudd fra kunder	2.009.391	476.490		2.485.881	1.644.044	525.807		2.169.850	1.658.032	512.258		2.170.290

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkunder som blir fulgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarkedet. Etter banken sin vurdering, ligg det ikkje føre vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som går inn i hovudmarkedene til banken.

Banken opererer i et geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsmasjon.

NOTE 9 – Verdipapir

30.06.2022				Sum
Verdsettshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		295.877		295.877
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		109	10.313	10.423
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			85.111	85.111
Sum	-	295.986	95.424	391.410

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	56.250	10.245
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		69
Urealisert gevinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	(1.062)	
Investering	29.923	
Salg		
Utgående balanse	85.111	10.313

Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingsmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsverdiar.

Nivå 3 er verdiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verddivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingsmetoder. Denne verddivurdering blir halden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsettingskurs, sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen.

30.06.2021				Sum
Verdsettshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		266.724		266.724
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		53	10.271	10.324
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			52.830	52.830
Sum	-	266.777	63.101	329.878

Avstemming av nivå 3	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	46.952	28.357
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		(76)
Urealisert gevinst/tap ført over andre inntekter og kostnader	(2.181)	
Investering	8.059	185
Salg		(18.194)
Utgående balanse	52.830	10.271

NOTE 10 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000				3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000		50.028	50.043	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000		50.141		3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.201	50.113	50.156	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.170	50.086	50.124	3m Nibor + 70 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.121	50.064	50.090	3m Nibor + 70 bp
NO0011025751	11.06.2021	11.06.2025	50.000	50.056	50.022	50.040	3m Nibor + 56 bp
NO0011125577	13.10.2021	13.10.2026	50.000	50.206		50.143	3m Nibor + 64 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				250.754	300.454	300.597	

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021	
Ansvarlig lånekapital							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.122	40.079	40.105	3m Nibor + 185 bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.122	40.079	40.105	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse
	31.12.2021				30.06.2022
Obligasjongjeld	300.597	0	-50.000	157	250.754
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	300.597	0	-50.000	157	250.754
Ansvarlige lån	40.105	0	0	17	40.122
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	40.105	0	0	17	40.122

NOTE 11 – Kapitaldekning

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Egenkapitalbevis	0	0	0
Overkursfond	0	0	0
Sparebankens fond	347.553	326.542	349.357
Gavefond	0	0	0
Utevningsfond	0	0	0
Fond for urealiserte gevinster	10.485	9.483	8.681
Sum egenkapital	358.038	336.025	358.038
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-391	-330	-321
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Fradrag i ren kjernekapital	-54.391	-26.856	-28.104
Ren kjernekapital	303.255	308.839	329.613
Fondsobligasjoner	0	0	0
Fradrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	303.255	308.839	329.613
Ansvarlig lånekapital	40.000	40.000	40.000
Fradrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	40.000	40.000	40.000
	0	0	
Netto ansvarlig kapital	343.255	348.839	369.613

	2. kvartal	2. kvartal	Året
	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Stater	0	0	0
Lokal regional myndighet	11.796	7.821	9.816
Offentlig eide foretak	0	0	0
Institusjoner	5.736	2.874	1.501
Foretak	104.456	79.944	109.702
Massemarked	0	0	0
Pantsikkerhet eiendom	1.270.373	1.147.720	1.201.817
Forfalte engasjementer	18.460	42.547	27.610
Høyrisiko engasjementer	22.813	74.295	20.466
Obligasjoner med fortrinnsrett	17.938	18.233	16.703
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	6.120	8.853	3.511
Andeler verdipapirfond	0	0	0
Egenkapitalposisjoner	44.363	42.089	44.340
Øvrige engasjementer	86.088	93.878	82.877
CVA-tillegg	294	12	3
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.588.437	1.518.266	1.518.347
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	132.767	121.695	132.767
Beregningsgrunnlag	1.721.205	1.639.962	1.651.114
Kapitaldekning i %	19,94 %	21,27 %	22,39 %
Kjernekapitaldekning	17,62 %	18,83 %	19,96 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,62 %	18,83 %	19,96 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,88 %	10,12 %	10,27 %

Konsolidering av samarbeidende grupper:

Frå 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eigardelane i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigardel på 0,67 % i Eika Gruppen AS og på 0,91 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Ren kjernekapital	353.165	334.078	353.795
Kjernekapital	359.044	338.587	358.309
Ansvarlig kapital	406.445	384.269	403.992
Beregningsgrunnlag	2.091.292	1.913.100	1.913.458
Kapitaldekning i %	19,44 %	20,09 %	21,11 %
Kjernekapitaldekning	17,17 %	17,70 %	18,73 %
Ren kjernekapitaldekning i %	16,89 %	17,46 %	18,49 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	7,97 %	8,39 %	8,89 %

NOTE 11 – Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.